

TROLLEDALEN



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Trolldalen gnr.100 bnr. 2, ligg nørst i Nordherad, ikkje langt frå Lomsgrensa. Dette bruket har også vore nemnd som Nyløkken. I 1865 var Jakob Olsen 1826-1918 husfar med litt jordveg. Jakob var frå Nyhus og vart i 1852 gift med Ragnhild Iversdotter Barhaugen f. 1830. I 1852 budde dei i Barhaugen og seinare i Nyhus fram til 1864. I 1865 og fram til 1869 er dei nemnde i Nyløkken. 1864-1865 er dermed oppstartingstidspunktet i søre Trolldalen. Jakob og Ragnhild hadde barna

Eli f. 1852

Ragnhild f. 1855

Mari f. 1858

Olea f. 1861

Kari f. 1864

Jacob f. 1867

Iver f. 1869

Mari f. 1872

Gunhild f. 1874

Ole f. 1877

Jakob bytte med son til systera Kari i Husehaugen og flytta dit, familien er nemnd i Husehaugen frå 1872.

Ole Andersen 1832-1922 frå Husehaugen overtok. Ved barnefødsel i 1871 er familien nemnd i Nyløkken og i 1872 fekk han festekontrakt på Trolldalen i statsalmeninga. Ole vart 1864 gift med Eli Christensdotter Storvikseie 1839-1894 og i 1875 er ho nemnd som husmoder medan Ole var fråverande. Ole og Eli hadde barna

Kari f. 1866

Anders 1868-1873

Ragnhild f. 1871

Ymbjør f. 1873

Anders 1875-1956, neste brukar

Kristen f. 1878

Ola f. 1880, i folketellinga i 1900 er han nemnd som skreddar og skomaker

Ragnhild f. 1883, oppale i Ringneset hjå tanta Guri.

Trolldalen gnr. 100 bnr. 2 vart skyldsett i 1912 og Anders O.

Trolldalen fekk kongeskjøte det året, kjøpesummen var kr 400,-.

Anders som var skreiddar vart i 1901 gift med Kari Vehl-odden (Lia i Lom) 1881-1972. Barna deira var

Nils 1901-1984, overtok Viem etter Tora Odden (bestemora?), flytte seinare

attende til Trolldalen

Elise 1904-1994, gift med Ola Brenden f. 1898, busett på Bergli

Tea 1907-1991

Otto 1910-1954

Inger 1914-1987

Øyvind f. 1917

Asbjørn 1920-2004, gift 1954 med Sigrid Grasdalen f. 1918, bur i Grasdalen

Nina f. 1924

Otto overtok drifta i 1944, etter at han drukna i 1954 overtok syskjena Tea og Asbjørn Trolldalen. Frå 1965 var Tea eineeigar, og frå 1985 har Asbjørn eigd Trolldalen slik at jorda har vore brukt saman med Grasdalen. Dei siste som budde der var Nils og Tea, Tea flytte i 1987.

I 2004 vart Trolldalen seld til Arnold Larsen f. 1964 og han har busett seg der.

Husa i søre Trolldalen låg sør for husa i dag, og jordvegen var frå husa i dag og sørover. Etter at nørdre Trolldalen vart fråflytt, vart jorda der attåtlagt. Vest for bekken var tidlegare ikkje dyrka, dette vart brote av Anders og sonen Otto.

I 1865 var det i søre Trolldalen 1 ku, 1 sau og 7 geit, medan det vart sådd ½ tønne bygg og 1 tønne poteter. Ti år seinare hadde dei ikkje ku og det vart sett berre halvdelen så mykje poteter.

*Kjelder: J.Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2 s. 29 og 51
K.B.Storvik 1999: Draumen om eit bedre liv, s. 30
Norske gardsbruk 1953-1998
Folketellingar 1865, 1875, 1900
Panteregister/grunnbok
Festekontrakt
Utskrifter kyrkjebok for Vågå
Asbjørn Trollaldalen: munnleg meddelt
Anna Randen: munnleg meddelt*